



**Budsjett 2016 – Vedteke i kommunestyret 17.12.2015**



## **Innholdsliste**

Overordna kommentarar	s. 3-5
Framlegg til driftsbudsjett	s. 6
Kommentarar frå einingane	s. 7-20
Investeringsframlegg 2016	s. 21
Kommentarar til investeringsbudsjettet 2016	s. 22-26
Budsjettskjema 1A - 1B	s. 27
Budsjettskjema 2A – 2B	s. 28-28

## Overordna kommentarar

Utgangspunktet for budsjettet 2016 er økonomiplanen for 2015 – 2018. Rammene for tenesteeiningane er basert på tala frå økonomiplanen. Lønsvekst i 2015 er lagt inn med ein samla sum 3,0 millionar. Dette vil bli fordelt ut på einingane når me veit kor mykje det vil utgjere. Budsjettframlegget er gjennomgått med tenesteleiarane og ein del tiltak og grunnlagsendringar er lagt inn slik at ein har kome fram til nye rammer ut frå dette.

På investeringssida er det lagt inn framlegg om ein investeringssum på kr 33.000.000 i 2016 samt vidareføring av budsjetterte investeringar frå 2015 på kr 7.300.000. I tillegg er det lagt inn investeringar etter flaumen med kr 48.050.000 (dette vil bli fordelt på investering og drift seinare etter forskriftene) som er finansiert gjennom bruk av skjønnsmidlar. Samla investeringssummen inklusive flaumen vil dermed bli kr 88.350.000.

Framlegget til statsbudsjett for 2016 vart lagt fram onsdag 7. oktober. Her er ei kort oppsummering av endringar og forventningar for kommunen ut frå dette framlegget:

- Aurland kommune vil få ein auke i "frie inntekter" (skatt og rammetilskot) frå 2015 til 2016 på 3,6 % som utgjør 4,0 millionar i nominelle kroner. Dette er litt under snittet i fylket som er 3,8 %. Det blir lagt til grunn ein deflator (vekta løns- og prisvekst) på 2,7 % på kommunale tenester. Denne prosenten er også lagt inn som anslag på lønsvekst i 2016.
- Skattøyre er auka med 11,45 % til 11,8 %. Dette betyr at kommunane får ein litt større andel av skatteinntektene.
- Auke ramme i frie inntekter må sjåast i samanheng med folketalsutvikling og pensjon.
- Styrking til rusomsorg
- Styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta
- Auke som følgje av meir fleksibelt barnehageopptak
- Auke i investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar
- Auke dagaktivitetstilbod til demente
- Tilskot til psykologiårsverk
- Tilskot til innført plikt til å yte augnebliekeleg hjelp til døgnopphold for pasientar med somatiske sjukdomar
- Auka innslagspunkt ressurskrevjande brukarar (frå 1.043.000 til 1.081.000)
- Auke timetal naturfag med ein veketime 5.-7. trinn frå hausten 2016.
- Kompetanseheving barnehage tilsette
- Endra sosial profil på foreldrebetaling i barnehagane
- Auke investeringsramme rentekompensasjon skule- og symjeanlegg
- Styrking av integreringstilskot og busetjing av einslege mindreårige flyktningar.

Når det endelege statsbudsjettet ligg føre vil vi ta ein gjennomgang på kva Aurland kommune bør gjere av tiltak for at desse forventningane blir best muleg ivaretekne.

## Overordna kommentarar drift

### Store prosjekt/utgreiingsarbeid

- Kommunereforma
- Busetjing av flyktningar og asylmottak
- Flaumen i 2014
- Kartlegging av organisasjonen, oppfølging av medarbeidarundersøkinga, kommunekompaset, forvaltningsrevisjonar og gjennomgang pleie og omsorg.

### **Interkommunalt samarbeid under etablering/utvikling**

- Interkommunalt samarbeid om kommunepsykolog. Satsing på psykisk helse i skular og barnehagar er eit prioritert satsingsområde i det regionale skuleutviklingsprosjektet og er ein del av prosjektet «system for styrka læring»
- Sogn Lokalmedisinske senter (LMS) er etablert og må vidareutviklast saman med deltakarkommunane. Korleis kan kommunen utnytte restkapasitet til beste for brukar?
- Interkommunalt samarbeid og PPT – tenester. Aurland kommune har sagt opp avtale med Voss PPT og blir ein del av Sogn PPT frå 1.8.2016

### **Kompetanse**

- Kurs i forvaltningsrett med oppstart i februar
- Brann og beredskap – utdanning av utrykningsleiar (starta opp i 2015)
- Vidareutdanning av lærarar for å møte nye kompetansekrav
- Rekruttering – informasjon til foreldre og elevar og karrieremoglegheiter i kommunen. Jobbe for å rekruttere læringar
- Folkevaldopplæring – kommunelova, forvaltningslova, plansystemet og universiell utforming er aktuelle tema

### **Rutinar og reglement**

- Gjennomgang av politisk reglement
- Gjennomgang av delegasjonsreglement
- Oppdatere prosjekt - og investeringsreglement
- Gjennomgang av økonomireglementet
- Gjennomgang av rutinar og reglement på personalområdet
- Innkjøp – fokus på rutinar og kontraktsoppfølging i 2016

### **Økonomi**

På nokre område kan det bli eit handlingsrom i løpet av året:

- Koordinering av oppvekst/barnehage
- Endringar innan spesialomsorg
- Gjennomgang pleie og omsorg
- Flyktningar – busetjing og asylmottak. Kommunen mottok vertskommunetilskot.

## Overordna kommentarar inntekter

### Skatteinntekter

Skatteinntekter er lagt inn med kr 74.400.000 som er i tråd med siste prognose frå KS som kom etter framlegget til statsbudsjettet for 2016.

### Rammetilskot

Rammetilskotet er lagt inn med 39.300.00 mill som er i tråd med siste KS – prognose som er oppdatert etter framlegget til statsbudsjettet for 2016. Me viser her til oversikt over endra oppgaver i overordna kommentarar.

### Eigedomsskatt

Ut frå oversikt frå Sentralskattekontoret vil eigedomsskatten på kraftverk bli redusert med kr 700.000 . Dette medfører ein samla reduksjon frå 55,3 millionar til 54,6 millionar.

### Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgifta vart auka frå 14,0 mill til 15,3 mill i 2014. Auken kom som følgje av indeksregulering. Neste indeksregulering blir i 2019.

### Andre generelle statstilskot

Dette er i hovudsak tilskot frå Husbanken som gjeld rentekompensasjon på investeringar innan pleie og omsorg og skule. Tilskotet er renteavhengig og er lagt inn med 1,2 millionar i 2015.

### Sal av konsesjonskraft

Kommunestyret har vedteke å redusere påslaget det som blir vidareselet til Aurland Energiverk frå 10 ør pr kwh til 5 øre pr kwh. Avtalen med Aurland Energiverk som medfører eit påslag på 10 øre pr kwh på alminneleg forsyning. Dette vil medføre eit inntektstap for kommune på ca 2,3 millionar.

### Utbyte

Det er lagt inn utbyte frå Aurland Energiverk AS med 1,5 mill og frå Aurland Ressursutvikling AS med 2,4 mill.

### Disposisjonsfond

Samla var disposisjonsfondet pr 31.12.2014 på 6,3 mill. Dersom budsjetterte avsetningar og bruk i 2015 og 2016 blir gjennomført vil saldoen ved utgangen av 2016 vere redusert til 3,4 mill.

### Renter/avdrag – sjå tabell under (i tillegg kjem låneopptak i 2016)

Lånenr	31.12.2015	Avdrag 2016	31.12.2016	Renter 2016	Låneform	Rentesats
24519371 KOMMUNALBANKEN II	8 602 000	748 000	7 854 000	164 560	Flytande	2,00 %
24519372 KOMMUNALBANKEN	23 040 000	-	23 040 000	460 800	Flytande	2,00 %
24519373 KOMMUNEKREDITT	10 082 498	-	10 082 498	201 650	Flytande	2,00 %
24519374 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20080412	4 875 000	375 000	4 500 000	93 750	Flytande	2,00 %
24519375 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20080413	4 434 140	375 000	4 059 140	84 933	Flytande	2,00 %
24519377 KLP KOMMUNEKREDITT LÅNNR 030 4	5 250 000	375 000	4 875 000	101 250	Flytande	2,00 %
24519378 KLP KOMMUNEKREDITT LÅNNR 030 4	5 250 000	370 000	4 880 000	101 300	Flytande	2,00 %
24519379 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20100248	10 548 750	727 500	9 821 250	372 771	Bunden rente	3,66 %
24519380 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20110174	6 308 500	407 000	5 901 500	122 100	Flytande	2,00 %
24519381 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20130561	1 620 000	90 000	1 530 000	31 500	Flytande	2,00 %
24519382 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140012	3 700 000	200 000	3 500 000	72 000	Flytande	2,00 %
24519383 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140565	11 520 000	-	11 520 000	345 600	Bunden rente	2,50 %
24531003 KOMMUNALBANKEN	2 500 000	1 000 000	1 500 000	91 800	Bunden rente	4,59 %
Lån 2015	6 650 000	332 500	6 650 000	133 000	Flytande	2,00 %
T O T A L T	104 380 888	5 000 000	99 713 388	2 377 014		

<b>DRIFTSOVERSIKT</b>				
	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2016</b>
(Tal i 1000 kr)	(etter endringar)	Framlegg	Framlegg	Vedtak
		frå rådmannen	frå form.skapet	komm.styret
Skatt på inntekt og formue	71 800	74 400	74 400	74 400
Rammetilskot	38 100	39 300	39 300	39 300
Eigedomsskatt	55 300	54 600	54 600	54 600
Konsesjonsavgift	15 300	15 300	15 300	15 300
Andre statlege overføringar	1 800	1 200	1 200	1 200
<b>SUM FRIE INNTEKTER</b>	<b>182 300</b>	<b>184 800</b>	<b>184 800</b>	<b>184 800</b>
Renteinntekter	2 000	1 500	1 500	1 500
Utbyte	2 700	3 000	3 900	3 900
Renteutgifter lån	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
<b>Netto renteutgifter/-inntekter</b>	<b>1 700</b>	<b>1 500</b>	<b>2 400</b>	<b>2 400</b>
Mottekne avdrag på lån	9 000	1 000	1 000	1 000
Avdragsutgifter lån	-8 000	-5 000	-5 000	-5 000
<b>Netto avdragsutgifter</b>	<b>1 000</b>	<b>-4 000</b>	<b>-4 000</b>	<b>-4 000</b>
<b>NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER</b>	<b>2 700</b>	<b>-2 500</b>	<b>-1 600</b>	<b>-1 600</b>
<b>TIL FORDELING</b>	<b>185 000</b>	<b>182 300</b>	<b>183 200</b>	<b>183 200</b>
Til driftsrammer:				
Politisk leiling	3 084	3 036	3 036	3 036
Sentraladministrasjon	9 685	10 984	10 984	10 984
Kultur	5 137	5 160	5 160	5 630
Aurland barne og ungdomsskule	19 318	19 483	19 483	19 483
Kommunale barnehagar	8 502	7 944	8 864	8 864
Flåm skule	6 595	6 493	6 493	6 593
Helse og førebyggjande	9 775	8 860	8 860	8 860
NAV Aurland	6 962	7 611	7 611	7 611
Barnevern	4 853	3 052	3 052	3 052
Pleie og omsorg	53 843	53 378	53 498	53 498
Kommunal driftseining	27 169	25 310	25 310	25 310
Nøytrale inntekter / utgifter	35 794	27 724	27 724	27 724
Sal av konsesjonskraft	-6 000	-4 000	-4 000	-4 000
Lønsoppgjjer (blir fordelt)	-	3 000	3 000	3 000
<b>Sum fordelt til driftsrammer</b>	<b>184 717</b>	<b>178 035</b>	<b>179 075</b>	<b>179 645</b>
Disposisjonar:				
Avsetning til disposisjonsfond	-2 058	-3 355	-2 215	-1 645
Avsetning til utviklingsfond	-900	-1 500	-1 500	-1 500
Avsetning til auka pensjonskostnader	-1 000	-250	-250	-250
Avsetning til ekstra tiltak pleie og omsorg			-1 000	-1 000
Bruk av tidlegare års mindreforbruk	1 225	-	-	
Bruk av disposisjonsfond	3 100	-	-	
Bruk av lånefond	1 000	1 000	1 000	1 000
Overføring til investering (driftsoverskot)	-1 650	-160	-160	-160
<b>Netto disposisjoner</b>	<b>-283</b>	<b>-4 265</b>	<b>-4 125</b>	<b>-3 555</b>
<b>Balanse</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

**NB! Me har endra føringa av bruk og avsetning til fond. Dette betyr at det kun er «varige» disposisjonar som står under fordelinga til driftsrammer. Andre avsetningar og bruk er innbakt i einingane sine driftsbudsjett. Avsetninga av konsesjonsavgifta og mottekne avdrag på lån (totalt kr 16,3 mill er lagt inn i ansvar 900 (nøytrale inntekter og kostnader).**

**I budsjettframlegget ligg det inne følgjande bruk av disposisjonsfond på einingar: Sentraladm. kr 325.000, Helse og førebygging kr 200.000 og barnevern kr 523.725**

## KOMMENTARAR TIL EININGANE

### **Ansvar 100 (politiske organ)**

Politiske organ er vidareført som i 2015. I og med at det ikkje er val i 2016 er det redusert med kostnader til dette. Det er lagt inn 100.000 til folkevaldopplæring.

### **Ansvar 110 (sentraladministrasjon)**

Oppgåver er flytta frå KDE (kommunal driftseining) til ansvar 110. Målsetjinga er å styrke det strategiske nivået i kommunen og å få ei betre koordinering av overordna planar. Arbeid med overordna planar skal koplust til arbeid med organisasjonsutvikling. Frå 2016 vil personalområdet vere styrka med 40 % pluss at ein del av ei stilling vil vere knytt til organisasjonsutvikling. Prioriterte område:

- Vidareutvikle kommunen sitt årshjul
- Personalhandbok – gjennomgang av reglement og rutinar
- Overordna HMS – system og revisjon av delar av systemet
- Leiarutvikling

Informasjon og kommunikasjon. Kommunen arbeider kontinuerleg med å betre informasjon til brukarar og innbyggjarar.

Elektronisk arkivplan er under arbeid og skal ferdigstillast i løpet av første halvår 2016. Det er lagt inn ekstra ressursar til personale i denne perioden for å kunne prioritere arbeidet med arkivplan. Tiltaket er finansiert av fond. I økonomiplanen er det sett av midlar til avlevering av eldre papirarkiv. Tiltaket er ikkje finansiert i budsjettet. Når fylkeskommunen som skal ta mot pairarkivet er klar kan tiltaket eventuelt innarbeidast i budsjettet ved tertial.

Sekretæriatfunksjonen for eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne er lagt til kommunetorget. Sekretæriatet må ha eit ansvar for å avklare korleis saker som utvala set på dagsorden skal følgjast opp.

Økonomikontoret skal vidareutvikle e – handel i kommunen. I tillegg er det planlagt ein revisjon av økonomireglementet og ein gjennomgang og kvalitetssikring av KOSTRA – rapporteringa.

Lønningskontoret skal innføre ny modul i Visma som skal forenkle rutinar for fråversregistrering.

Prioriterte tema og samfunnsplanar:

- Kommunal planstrategi og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Kommunedelplan for klima og energi
- Rullering av kommunal beredskapsplan
- Lokal kulturminneplan
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Beredskap: Rullering av kommunal beredskapsplan. Gjennomføre årleg møte i beredskapsrådet. Ajourføre varslingsrutinar i tråd med signert delavtale mellom kommunen og helseføretaket.

Næring: Gjennomføring av prioriterte tiltak i kommunedelplan for næring. Rullering av handlingsprogrammet. Nye retningslinjer for konsesjonsavgiftsfondet.

Overordna skulefagleg arbeid: Rullering av utviklingsmelding og kvalitetssystemet i skulane.  
Koordinere tverrfagleg arbeid knytt til utarbeiding av plan for psykisk helse i skule og barnehage.

## **Ansvar 120 KULTUR**

### **12018. Kulturadministrasjon**

Tenesteleiar for kultur flyttar ein del av stillinga som per i dag ligg i musikk- og kulturskulen til kulturadministrasjon. I 2015 hadde tenesteleiaren 70% stilling i musikk- og kulturskulen (derav 30 % undervisning og 40% administrativ) og 30% under kulturadministrasjon. Ny fordeling: 45% i kulturskulen (30% adm,15% underv.) og 55% kulturadministrasjon. Dette blir oppnådd innanfor budsjettramma og utan konsekvenser for musikk- og kulturskulen (sjå nede).

Aktivitatar i Heradshuset har auka monaleg. Det er fulltids bemanning og nesten heile huset er i bruk. Samarbeidet med Nærøyfjorden verdsarvpark er veldig velluka. Dette har ført til at huset har vore opent heile året frå måndag til fredag kl. 0900-1530, og i sommarperioden 0900-16.00, laurdag søndag 1000-1700.

Mål 2016:

- Vidareutvikling heradshuset og samarbeid med verdsarvparken og Visit Sognefjord
- Implementering av tiltak i kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse
- Oppstart arbeid med frivilligmelding

### **23110. Arbeid med barn og ungdom**

Ungdomsklubben har sine faste aktivitatar. Dei har hatt Fritidsklubbens dag i april, med open klubbdag der det var om lag 30 besøkande.

UKM blei gjennomført som planlagt og fungerer godt med stigande påmelding dei siste tre åra. Det er planlagt ytterlegare marknadsføring for å gi nye impulsar.

### **23311. Folkehelse**

Frå og med 1. januar er ansvaret for folkehelse flytta til ansvar 120 Kultur. Prioriterte oppgåver i 2016 er skriftleg oversikt over helsetilstand i samsvar med folkehelselova §5 for grunnlag for planstrategi. Det er varsla at støtteordning frå fylkeskommunen fell vekk frå 2017. Den er i stor grad med å dekkje utgifta til lønsmidlar for folkehelsekoordinatoren. Det betyr at me må ta stilling til dette i 2016. Utgangspunktet må vere vidareføring av stillinga for folkehelsekoordinator.

Medlemsskap i MOT er vidareført i 2016.

### **36512 Kulturvern**

Personalressursar er vidareført. Det er planlagt noko kjøp av tenester frå Nærøyfjorden Verdsarvpark for å kunne ivareta kulturvernarbeidet og omfordeling av tenesteleiar sin stilling (Sjå kulturadministrasjon).



Mål 2016:

- Oppstart arbeid med kulturminneplan (frå haust 2015)
- Aurland kommune har i 2015 vore pilotkommune i eit prosjekt 'Kulturminne og klimaendring' i samarbeid med riksantikvaren, fylkesmannen, fylkeskommune, NVE, Nærøyfjorden verdsarvpark og Nærøyfjorden verneområde. Sluttrapport med anbefalingar ligg føre og skal snart bli presentert for dei folkevalde.
- Utvikle samarbeid med sogelaget.

### **36514 Galleri Vinjum**

Galleri Vinjum har hatt eit svært aktiv år i forbindelsen med 85 års jubileum for Johannes Vinjum sin fødselsdag. Galleriet har blitt oppgradert, og opna i mai med spesialutstilling med Marius Moldvær. Utstillinga har skapa debatt og blei godt motteken. Elles har det vore prosjekt i skulane og innlegg i Aurlendingen. 26. september opna elevutstilling og ein spesial utstilling i galleriet med maleri Av Vinjumsom aldri før har vore utstilte der. Det var kunstseminar med over 40 deltakarar, blant dei ein stor delegasjon av familien Vinjum. Johs. Vinjum kunststipend blei utlyst og vunne av ein kunstnar busett i Bergen, Manuel Portioli frå Italia.

Mål 2016:

- Revidering vedtektene Vinjumlegatet
- Gjestegalleri
- Besøk av og utstilling med stipendvinnaren
- Oppbygging permanent Vinjumutstilling

### **37010 Bibliotek**

Biblioteket har saman med ABU og Nynorske litteraturdager eit "prosjekt" der elevane på ungdomssteget skal lese boka "skammarens dotter". Elevane fekk sjå filmen på Trudvang kino om morgonen 30 oktober. Oversetjaren kjem på besøk og dei ulike klassestega får møte oversetjaren i biblioteket for så å møtast i plenum til foredrag og høve til å stille spørsmål.

Elles er det Seniorsurf ein gong i månaden, og det startar opp med kurs i slektsgransking etter haustferien.

Videokonferansesystemet i infohagen er utgått på dato. I samarbeid med IKT – ansvarleg skal det gjerast ein gjennomgang av korleis og kvar dette skal nyttast i framtida.

- Hovedmål 2016: auke besøkstalet

### **38310 Aurland musikk- og kulturskule**

Aurland musikk- og kulturskule har også i haust hatt god påmelding. Hausten 2015 starta me opp med dansetilbod, eit kurs over fire helgar i grupper etter alder. Per skrivande stund er det 19

påmeldte til kurset, og det blir forventa meir. Dette fører ikkje til lågare påmelding til dei andre tilboda.

Også i år leverer me, utanom vanleg undervisning, teneste til: korps og kor, barnehage, grunnskule og helsetunet.

Mål 2016

- Me held fram med prosjektet Ungdom tilbake i kulturskulen, i samarbeid med Oppdal kulturskule.
- Implementering av den nye rammeplanen for kulturskulane i den nye fireårsperioden.
- Fast dansetilbod, oppstart drama til hausten

### **38510 Generelle kulturtiltak**

Dette gjeld kulturmidlane. Kr. 70 000 blir utan søknad overført til kinoen, medan dei resterande kr. 130 000 blir fordelt til lag og organisasjonar etter søknad og vedtak i OOK.

#### **Generelt:**

Kulturavdelinga har i budsjettforslaget for 2016 teke høgde for ei innsparing på 2% av totalbudsjettet (kr. 160 000). Dette blir oppnådd gjennom effektivisering og sparing på innkjøp, og har ingen direkte effekt på tenestenivået. Kulturskulen har låg elevbetaling og dirigentkostnad samanlikna med andre kommunar i regionen. Det blir difor foreslege ein auke på 5 % i avgiftssatsar i 2016..

### **Ansvar 210 (Aurland Barne- og ungdomsskule og vaksenopplæring)**

Ansvar 210 har desse funksjonane (tenestene)

Funksjon	20210 ABU-grunnskule
«	21310 Vaksenopplæringa
«	21510 ABU – sfo
«	22210 ABU skuleskyss

I økonomiplan ligg desse forventningane til skulane:

- System for styrka læring
- Kompetanseutvikling
- Den gode skuleeigar
- Folkehelse
- Norskopplæring

Desse områda er omtala samla for skulane (sjå kommentarar frå Flåm skule)

I tillegg skal Aurland kommune i gang med ungdomsskulesatsinga. Denne er utvida til å gjelde heile kommunen 1. – 10. klasse. Kommunen si overordna målsetjing for den nasjonale satsinga skal vere «klasseleiing». Kommunen ser den nasjonale satsinga i samheng med det regionale prosjektet «system for styrka læring», etterutdanning av lærarar (jfr bruk av kompetansedagar).

Prioriterte planarbeid i 2016:

- plan for psykisk helse i skule og barnehagar (jfr system for styrka læring)
- plan for kompetanseheving i skulane i Aurland (jfr den reviderte kompetanseforskrifta)

## **Budsjettramme**

Budsjettramma for 2016 er på 19,483 mill for heile tenesteeininga. Justert budsjettet for 2015 er på 19,318 mill . Framskrivning av lønsutgiftene for fast tilsette pr november 2015, og uendra drift i vårhalvåret 2016, gir eit reduksjonskrav på ca 250 000 i hausthalvåret 2016. Reduksjonen kan gjennomførast slik:

Innkjøp av varer og tenester: 100 000

Redusert personalressurs: 150 000, dvs ca 0,5 årsverk frå 1.august.

## **Konsekvensar:**

### *Redusert innkjøpsbudsjett*

Eitt år med redusert innkjøpsbudsjett vil ikkje gi varige konsekvensar. Men krav til, og behov for innkjøp og vedlikehald av skuleadministrative system, tek ein stadig større del av innkjøpsbudsjettet. Dette fører til mindre rom for innkjøp av læremiddel, fornying av inventar og utstyr, og til vanlege forbruksvarer i undervisninga. For 2017 bør derfor innkjøpsbudsjettet opp på normalt nivå att.

### *Redusert personalressurs*

Dei to siste åra har det vorte jobba mykje med satsingsområdet «System for styrka læring». Målet om redusert spesialundervisning er langt på veg nådd. Tal elevar med tildelt spesialundervisning er redusert til det halve på to år. Dette har vore mogleg fordi skulen har fått behalde dei frigjorde ressursane frå spesialundervisning, som så har vorte nytta til to-lærarsystem i basisfaga norsk, matematikk og engelsk. Dette er fullt ut i samsvar med føringane for prosjektet. Dersom ein ikkje greier halde oppe ressurstilgangen til klassane i basisfaga, vil truleg tal elevar med spesialundervisning igjen auke. Nødvendig personalreduksjon må difor ikkje ramme basisfaga, men i staden gjennomførast i dei andre faga.

I nokre timar i andre fag enn basisfaga har dei største klassane to lærarar, evt lærar og assistent. Det gjeld musikk, samfunnsfag, krle, kunst og handverk, samfunnsfag eller naturfag. Reduksjon i personalressurs vil føre til at det vert svært få timar med to vaksne i desse faga neste skuleår. Konsekvensen av dette vil bli mindre hjelp til enkeltelevar med behov for ekstra støtte. Læringsutbyttet i desse faga vil difor bli dårlegare for enkelte elevar.

Dersom det vert færre barn som vert søkt inn i sfo, vil det truleg vere mogleg å redusere bemanninga her.

### *Andre budsjettmoment*

- Det er ikkje budsjettert med utgifter til lærling.
- Skuleskyssen vert vidareført som i 2015.

- Opplæringa i norsk for framanadspråklege vaksne vert framleis sjølvfinansierande (statstilskot/deltakaravgift, evt bruk av fond).
- Den nye nasjonale kompetanseforskrifta for lærarar fastset formelle kompetansekrav for å undervise i fag på dei ulike stega. Den statlege satsinga på vidareutdanning inneber at den kommunale eigenandelen ved vidareutdanning berre utgjer om lag 30 % av dei samla utgiftene. I tråd med tidlegare år vert den kommunale eigenandelen til dette formålet ikkje budsjettert på tenesteeininga.
- Aurland er med i pulje 4 i den nasjonale ungdomstrinnsatsinga. For Aurland skal denne satsinga gjennomførast i perioden august 2016 – desember 2017. Begge skulane og alle klassestega skal vere med i dette utviklingsarbeidet. Det er ikkje budsjettert med ekstraordinære utgifter for ABU til denne satsinga.
- Evt busetting av flyktningar vil føre til auka behov for norskopplæring for framandspråklege vaksne. Truleg vil det og bli behov for særskild norskopplæring for barn i grunnskulealder. Omfanget av denne tenesta er svært usikkert, og er difor ikkje teken med i budsjettet.

Arbeidstakarorganisasjonane med medlemar på ABU har vorte invitert til drøftingsmøte om budsjettet. 6.november vart det gjennomført drøftingsmøte med Utdanningsforbundet.

## **Ansvar 220 (barnehagar)**

### Nasjonale forventningar

Det ligg inne ein total auke i det statlege rammetilskotet frå 300 til 400 millionar for å sikra fleksibelt opptak til barnehagane. Målet er at kommunane utviklar 2 (hovud)opptak, eitt haust og eitt vår. Aurland kommune kan ikkje venta å bli prioritert økonomisk i samanhengen, og vi har eit atskilleg meir fleksibelt opptakssystem (løpande opptak) enn det denne stimuleringa har som mål. Driftsmessig, vil 2 hovudopptak gi enklare planlegging og tryggare økonomisk styring ved at barn ikkje vil starta gjennom heile året, men anten 15.august eller 1. januar. Det vil bli fremja sak vår 2016 om endring av vedtektene for dei kommunale barnehagane og å innføra 2 hovudopptak.

### Økonomiplanen 2016-2019

Nettobudsjettet skal reduserast med 850.000 i planperioden. Reduksjonen i budsjett 2016 utgjer 558.000 i høve budsjett 2015. For FBHG utgjer reduksjonen 210.000 og for VBHG utgjer reduksjonen 348.000.

På inntektssida er det rekna med auke i maksimalsatsen for foreldrebetaling på 3%.

Barnetalet er venta å halda seg nokolunde konstant. Begge barnehagar vil då ha ei avdeling for barn 0-3år med 9 plassar og ei avdeling for barn 3-5år med 18 plassar. I kvar avdeling vil det vera minimumsbemanning på 3x100% stilling. Minstebemanninga utgjer dermed 1200% stilling.

Det er budsjettert med 1202,6% stilling på avdelingane og 160% administrative stillingar.

Ytterlegare reduksjon må derfor skje gjennom reorganisering på administrasjonssida.

Totalt blir bemanninga på avdelingane redusert med 170% for å nå budsjettmålet. Dette vil medføra omplassering av fleire tilsette til andre delar av organisasjonen. Det vil òg medføra at tilsette må dela stillinga si mellom to barnehagar. Vaksentettleiken vil bli redusert med 7%.

Denne personalreduksjonen vil tre i kraft frå 15.08. 2016, og gi ca 35% resultat i 2016. Derfor er ein stor del av innsparingane tekne frå vikarbudsjetten slik økonomiplanen skisserer. Posten for ferievikar er redusert med 188.000. Dette betyr at me må drifta berre ein felles barnehage om sommaren. Slik påmeldinga har vore dei siste åra, har me ikkje hatt stort nok hus til å gjennomføra ei slik redusert sommaropning, men no må dette gjerast uansett. Dette føreset at personalferiar må gjennomførast i juli månad i størst mogeleg grad.

Det er truleg at ferieordninga ikkje vil samsvara med brukarane sine forventningar, fordi ordninga m.a. vil føra til meirtransport.

Då all reservekapasitet på begge barnehagane no er fjerna, vil vikarsituasjonen forverra seg. Me må i enno større grad bruka eksterne vikarar, og kan ikkje planleggja/drifta like fritt som då me hadde reserveressurs på barnehagen (ca 20% /avdeling).

Eventuell omorganisering/reorganisering på administrasjonssida kan gi innsparing på 40% stilling.

Den einaste måten kommunale og privat barnehage kan garantera full barnehagedekning til ei kvar tid, er ved å ha mogeleg overkapasitet i periodar. Derfor er det viktig at planlegging og bygging av ny barnehage går etter planen. Mellombels alternativ er å skapa ei kombinert avdeling ved VBHG.

#### Om kompetanseheving

Vi har no alle tilsette inne i dei regionale nettverka. Det er lite rom for utvida kollegiebasert etterutdanning utover implementering av resultat frå nettverka og fellestema som t.d. implementering av ny rammeplan 2016.

#### Om folkehelse

Barnehagen følgjer det kommunale initiativet om tverretatleg samarbeid. KBA skal bli med i kommunal samarbeidsgruppe «tidleg innsats».

No skjer samarbeidet direkte mellom samarbeidande partar i einskildsaker. Til dømes helsesøster/barnehage, barnevern/barnehage, PPT/barnehage, eller på tvers av tenestene i den grad dette førekjem i ansvarsgrupper eller tilsvarande.

Det er lite truleg at ferieordninga vil samsvara med brukarane sine forventningar fordi ordninga vil føra til meirtransport og uvante forhold. Det er planlagt montering av brannanlegg i Flåm barnehage i ferien.

Då all reservekapasitet på begge barnehagane no er fjerna, vil vikarsituasjonen forverra seg. Me må i enno større grad bruka eksterne vikarar, og kan ikkje planleggja/drifta like fritt som då me hadde reserveressurs på barnehagen (ca 20% /avdeling).

Eventuell omorganisering/reorganisering på administrasjonssida kan gi innsparing på 40% stilling.

Den einaste måten kommunale barnehagar og privat barnehage kan garantera full barnehagedekning til ei kvar tid, er ved å auka kapasiteten. Derfor er det viktig at planlegging og bygging av ny barnehage går etter planen. Mellombels alternativ er kombinert avdeling ved VBHG.

### **Ansvar 230 (Flåm skule)**

Forventa budsjetttramme i økonomiplanen for budsjettåret 2016 er endra for Flåm skule sin del til 6 493 000 - ein reduksjon på kr. 200 000. Halvparten av denne summen vert dekt inn av naturleg avgang hausten 2015. Den andre halvparten må anten dekkast gjennom redusert tilbod til elevane eller redusert bemanning.

### **Satsingsområda i planperioden 2016 – 2019**

System for styrka læring er eit felles skuleutviklingsprosjekt for skulane i indre Sogn. Prosjektet skal vare til 2021 og har som hovudmål å auke læringsutbyttet for alle, tilpassa opplæringa betre og redusera bruken av spesialundervisning. Vi er godt i gang med å leggja om ressursbruken vår ved til dømes å nytta to-lærarsystem i basisfaga i småskulen. På den måten kan vi gi betre tilpassa opplæring, arbeide førebyggjande, lettare avdekke vanskar og tidleg setja inn målretta tiltak. Dette er særleg viktig fordi vi har fleire elevar med framandspråkleg bakgrunn som treng tett oppfølging i opplæringa. Vi skal i gang med å laga regional plan for arbeidet med psykisk helse i skulen. Dette temaet vert arbeidd med på ulike måtar i klassane som eitt av måla på utviklingsplanen vår.

Kommunen har sagt opp avtale med Voss PPT og blir ein del av Sogn PPT frå nytt skuleår. Samarbeid, råd og rettleiing frå PPT vil vera vesentleg for å nå måla i prosjektet. Vi har ikkje greidd å redusera bruk av spesialundervisning dette skuleåret, men vi arbeider aktivt med å gjere tiltak og opplæringsplanar for elevar med spesielle behov betre. Vi har som mål at vi på sikt skal kunne få så god effekt av omlegginga i ressursbruken at vi vil få færre vedtak om spesialundervisning, men ein føresetnad for dette er at vaksentettleiken er på eit nivå som kan møte utfordringane til den einskilde eleven innafor rammene i klasserommet.

### **Kompetanseutvikling**

Dette året er tilnærma alle tilsette i skule og på SFO med på etterutdanning i relasjonsleiing, og ein lærar tek vidareutdanning i norsk delvis dekt av staten si tilskotsordning. To nyutdanna lærarar får rettleiing etter rettleiingsplan for nyutdanna pedagogar.

Skulen treng kompetanseheving innafor området pedagogisk bruk av IKT i skulen for å nå måla i Kunnskapsløftet i høve digital kompetanse som grunnleggjande ferdigheit. Vi treng også å arbeide fram ein kommunal plan for ein overordna strategi for IKT i skulane. Vi har delteke på fagnettverk i IKT starta etter initiativ frå regionrådet, og vi har sett ned ei ressursgruppe på tvers av skulane for å arbeide med problemstillingane. Skal vi lukkast, må vi setje av tid til ein ressursperson som kan delta i gruppa og vera pådrivar i arbeidet framover, både kommunalt og lokalt.

### **Den gode skuleeigar**

Samarbeidet mellom skulane og barnehagane og leiinga som har vakse fram gjennom møta

i pedagogisk utviklingsteam vert opplevd som svært positivt. Det gjer at vi er på god veg til utvikle og vidareutvikle gode overordna kvalitetssystem innan oppvekst.

### **Folkehelse**

Skulane er i startgropa med prosjektet ASK (Active Smarter Kids). Prosjektet er eit resultat av eit omfattande forskingsarbeid som syner at fysisk aktivitet knytt til dei ulike skulefaga gir auka læringseffekt. Prosjektet starta opp i haust og vil gå over fleire år. Vi har eit håp om at prosjektet også vil hjelpe oss å nå dei overordna måla i "system for styrka læring".

### **Økonomi og konsekvensar av budsjettreduksjon**

Komande haust er det føreslege at mellomsteget skal ha ein time meir i veka i naturfag. Dette vil ikkje føre til stor kostnadsauke, og tiltaket skal vera dekt for kommunen gjennom rammetilskotet frå staten.

Dersom det er slik at Flåm skule skal redusera budsjettet slik rammene tilseier, og det er på personalsida vi må ta reduksjonen, må nedskjeringa koma frå hausten 2016. Ein må då vurdere drift SFO, leksehjelp frå hausten 2016, vikarbruk ved planlagt og uføresett fråvær, innkjøp av frukt samt transport.

Elevtalet vårt har ei positiv utvikling og vil auke jamt og trutt framover i planperioden 2016 - 2019. Ein budsjettreduksjon kan difor ikkje grunngjevast i at skulen får færre elevar.

### **Ansvar 300 (Helse og førebyggjing)**

Netto budsjetttramme for ansvar 300 (helse og førebygging) er på 8.860.000.

Kommunen har igjennom 2015 rekruttert nye legar og ein reknar med at legedekninga framover vert stabil. Ein av legane skal etter planen bli tilsynslege ved dei kommunale akutte døgn sengene ved Sogn Lokalmedisinske Senter. Det er budsjettet med 1. 670.000 for desse tenestene for 2016.

Helse og førebygging har som mål at ein i løpet av 2016 i større grad skal ta i bruk telemedisinsk utstyr og ny teknologi. Mellom anna vil det bli innført elektronisk bestilling av legetime og reseptar.

Fysioterapi tenesta er vidareført med to faste stillingar og turnuskandidat. Målet for 2016 er å arbeide meir førebyggjande.

Læringsnettverket for utsette barn og unge i regi av fylkesmannen vart avlyst. Me ynskjer nå å nytte skulen sitt satsingsområde innan psykiatri i System for styrka læring, til å få utarbeid ein plan og reint konkret få betra det tverretatlege førebyggjande arbeide for barn og unge.

Helse og førebygging vil også bli involvert i busetjinga av flyktningane som kjem til kommunen i løpet av året.

### **Ansvar 301 (NAV)**

Ansvar 301 har desse tenestene:

23410 – Konsulent for funksjonshemma  
24210 – Sosial råd og rettleiing – adm  
24220 – Flyktningarbeid - adm  
24310 - Rusomsorga  
27500 – Flyktningarbeid – teneste  
27600 – Kvalifiseringsprogrammet  
28110 – Økonomisk sosialhjelp – teneste  
31511 – Tilskot og formidling - Husbanken (31020)

### **Budsjettramme**

NAV Aurland har fått tildelt ei ramme på kr 7.611.000. Det er om lag kr 300.000 mindre enn råma for 2015, og kr 260.000 mindre enn råma for 2014. Rekneskapen for 2015 går i retning av ei mindre innsparing i høve til budsjett, alt vesentleg grunna mindre utgifter til økonomisk sosialhjelp. NAV har vurdert å greie seg med mindre utgifter, men har budsjettert i samsvar med den reduserte råma som vi har fått tildelt for 2016.

### **Intern disponering og endringar**

På område 23410 er det ei lita redusering. Ein ser litt til rekneskapsutviklinga. Årsaka er noko reduksjon i tildelingsvedtak, grunna endra behov, og nye tenester. T.d. er det kome ny ordning med skyss, og eldrekafé. Område er vanskeleg å berekne, då akutt sjukdom kan medføre nye brukarbehov, og auka kostnad.

Funksjon 24220 og 27500 er den nye Flyktningtenesta som ligg til NAV. Det er budsjettert med lønn til flyktningkonsulent frå 1. april 2016. Merk at den kommunale kostnadsdelen i funksjonane på flyktningbudsjettet er kr 30.000. Det er statstilskota som medverkar til det. Generelt er det vanskeleg å budsjettere fyrste året.

Innanfor rusomsorga, 24310 er det sett av ei mindre sum, kr 110.000, til å vidareføre prosjektet med miljøterapeut, og «Aktiv på dagtid» i fire månader. Det er von om å få dette vidare finansiert av prosjektmidlar frå Fylkeskommunen. Det blir søkt på, og kan i fall det går i orden, gi noko innsparing i høve til budsjett.

Det er sett av kr 132720 på funksjon 27600, kvalifiseringsprogrammet. Dette er eit lovfesta tilbod, men usikkert kort stort behovet er. Budsjettert med ein brukar i 8 månader.

Det er sett av kr 900.000 i funksjon 28110 til økonomisk sosialhjelp. Det er kr 100.000 over fjordåret, men kr 350.000 lægre enn budsjettert i 2014. Utgiftene til sosialhjelp har vorte monaleg redusert dei sist åra. Men her er det no få brukarar med store behov. Det er vanskeleg å budsjettere på område økonomisk sosialhjelp. Viss vi får to nye brukarar utan arbeid, medfører det ein kostnadsauke på over kr 300.000 i årsverknad.

På funksjon 315011 er det ikkje lagt inn tal enno. Her søker NAV Husbanken om lån til vidareutlån som startlån. Inntekts og utgiftssida er like, og søknaden om behovet blir sendt i januar 2016.



Det pågår arbeid i ei arbeidsgruppe med tydeleg mandat på at Spesialomsorga skal ut av NAV-kontoret. Det betyr at funksjon 23410 (KFF) og kanskje også 24310 (Rus) blir flytt ut av NAV. Det er i så fall naturleg at budsjetta følgjer med. Avhengig av resultat i gruppa og rådmannens avgjerd, kan det bli behov for omarbeiding av desse budsjettfunksjonane på ei eller fleire kommunale område.

### **Ansvar 302 (barnevern)**

Mål for tenesta:

Barnevernet har hatt rutinar og struktur som satsningsområde i 2015. Målet var å bli best i fylket, noko me ikkje er heilt i mål med. Arbeidet har vist seg meir omfattande og vert vidareført i 2016. Tenesta ser ein klar gevinst av å ha dette fast på dagsorden ein gong i månaden, med drøftingar kring praksis. Dette gjeld både gjennom å halde seg oppdatert i høve lov og forskrift, og effektivisere arbeidet. Sjølv om me ikkje er i mål er det gode prosessar som er komme i gang.

Når det gjeld tidleg innsats og betre tverrfagleg samarbeid har fokusområdet primært vore å delta i læringsnettverk i regi av fylkesmannen. Dette læringsnettverket vart avlyst, og det skal no vere fokus på å nytte verkemidla i System for styrka læring.

Tenesta har gjort nokre grep, mellom anna med faste kontaktpersonar til skular og barnehagar, utan at ein kan sei at dette har hatt stor effekt på det tverrfaglege arbeidet. Det bør etablerast ein overordna struktur på korleis ein skal handtere bekymringar, gjerne som erstattar tverrfaglege team. Andre kommunar har utvikla gode system for dette.

Barnevernet må jobbe meir med å definere si rolle i kommunen. Me skal utgreie born og unge sine hjelpebehov, og ta dei avgjerder som er nødvendig i den samanheng. Men sjølve "barnets vern" er heile kommunen si oppgåve, mellom anna med å melde frå i dei saker der ein er uroa for barns eller familien sin situasjon. Barnevernet i Aurland mottok få meldingar frå skular, barnehage og helsestasjon. Når me mottok melding er det ofte slik at det har vore problem over lengre tid og hjelpa vert omfattande og dyr. Det er den økonomiske sida ved det. For familiene det gjeld er det aller beste å komme inn tidlegast mogleg for å kunne avhjelpe skeivutvikling.

Ei av dei største utfordringane for kommunalt barnevern i åra framover vert at det statlege tiltaksapparatet vert bygd ned, og gjort svært kostbart. Det er forventa at kommunane i åra framover i større grad skal dekke sine eigne behov for hjelpetiltak. Dette løyser me i dag med å bruke private aktørar, men dersom trenden med "seint inn" fortsetter kan dette bli store kostnader.

Kommunen har vedteke å ta imot flyktningar og det er også signalisert at det kan komme mottak for einslege mindreårige. Barnevernet kan få meir oppgåver med dette, og det er heilt avgjerande at det vert utarbeida gode strukturar som definerer kven sitt ansvar dei ulike oppgåvene/utfordringane er sine

Bemanning knytt til sakshandsaming og tiltak er vidareført med same nivå. Endringa i ramma er tiltaksbudsjett.

### **Ansvar 310 (pleie og omsorg)**

Budsjettramma for pleie, rehabilitering og omsorg er for 2016 vedteken til kr 53 378 000. I denne summen ligg flytting av ein ressurskrevande brukar frå ei anna eining til pleie og omsorg med ein netto kostnad på 1,2 millionar.

Drifta av pleie og omsorgstenestene for inneverande år ligg an til å ende opp om lag 2 mill høgare enn ramma for 2016. Dette tyder at det må gjerast tiltak for å tilpasse drifta til ramma for 2016. Utfordringane ligg særleg i at etterspørsel og behov for lovpålagde tenester er aukande, dette gjeld tenester til både eldre (over 67år) og yngre (under 67 år)

Tiltak:

- Ta heim eit omsorgstiltak for 1 person som vi i dag leiger bustad og kjøper personalressursar til i ein annan kommune. Ved å stille omsorgsbustad til disposisjon og ved å drifte dette tiltaket med eigne ressursar, vil vi kunne redusere budsjettet med om lag 1,2 mill, sjølv om vi må opprette ein ny stilling inn mot dette omsorgstiltaket. Det skal vere realistisk å få tiltaket i gang på nyåret januar/februar under føresetnad av at vi klarer å rekruttere naudsynt kompetanse
- Vi har lagt inn ein forventa auke i brukarbetaling ved Aurland helsetun med kr 300 000,-. Dette kan vere i å ta i for mykje, men det kan bli ein realitet også, ettersom pasientstraumen er aukande
- Vi har redusert personalressursar (vikarbudsjettet) med kr 300 000,-. Dette tyder at pleie og omsorgstenestene ikkje kan ta inn vikarar ved alt fråver, og at brukarar i visse høve må vente på tenester eller får avlyst oppdrag som er avtalt
- Vi har redusert mindre budsjettpostar med til saman kr 200 000,-. Dette vil mest ramme innkjøp/fornyng av utstyr som det er behov for å skifte ut (møbler, senger, madrasser etc)

Ikkje rom for innanfor ramma:

- Satsing på rehabilitering og ressursssjukepleie frå 2016, jmf vedteken kommunedelplan for helse og omsorg. Kostnad er sett opp med 600 000,- for rehabilitering og kr 200 000,- for ressursssjukepleie. Vi føreslår at desse tiltaka må utsetjast og vurderast att for 2017
- Betaling for liggedøgn til sjukehus – det er ikkje teke høgde for at vi må betale for liggedøgn på sjukehus for 2016 då det ikkje er rom for det innanfor ramma. Så langt i 2015 er kostnaden for liggedøgn omlag 200 000,-. Kostnaden her er usikker, då dette handlar om kapasitet til å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Med stadig overbelegg på Aurland helsetun, vil vi måtte rekne med at det også i 2016 kjem rekningar på liggedøgn

#### **Ansvar 500 (kommunal driftseining /brann)**

Kommunal driftseining er tildelt ei budsjettråme på 25 310 000 for 2016. Endringar i råma i høve til 2015 er i hovudsak:

- Flytting av plan frå ansvar 500 til ansvar 110 (Ca 800 000)

- Ekstraordinær løyving til vedlikehald innarbeidd i budsjettråme. (Ca 2 000 000)
- 3% generell reduksjon på tidlegare budsjettråme (Ca 1 000 000)
- Sommarstengt symjehall (Ca 300 000)

Konsekvensane ved dette er først og fremst avgrensa moglegheiter for å gjennomføre planlagde vedlikehaldstiltak. Planlagt vedlikehald vil i stor grad bidra til å avgrense risiko for skader/havari før ein slik situasjon oppstår i t.d. Bygningsmasse/tekniske anlegg. –Dette er no ikkje mogleg lenger. Utviklinga i utgifter, relatert til vedlikehald frå 2014 – 2016 ser slik ut:

<b>Framlegg</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>
<b>2016</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>
8 524 747	8 075 226	10 219 842

Dei midlane som KDE har til rådvelde til vedlikehald vil med den budsjettråma som er stilt til rådvelde i hovudsak måtte nyttast til å dekke løpande utgifter til heilt naudsynte tiltak knyta til HMT. Dersom ein slik budsjettsituasjon vil vedvare over tid, vil etterslep av vedlikehald på kommunal eigedom og infrastruktur verte betydeleg forverra. Rekneskapstala for 2014 synar alvoret i situasjonen.

I økonomiplan er det lagt opp til ei styrking av vedlikehald i planperioden. Det føreset at andre tiltak i budsjett blir gjennomført.

### **Ansvar 900 – Nøytrale inntekter/ utgifter**

#### **Båtskyss Aurland – Sogndal**

Kostnader til båtskyssen er vidareført fram til juli 2016 med netto kr 1,6 mill som er dekkja av konsesjonsavgiftsfondet.

#### **Nynorske litteraturdagar**

Det er budsjettert med 400.000 i 2016 som blir dekkja over konsesjonsavgiftsfondet. Tilskot blir utbetalt etter søknad.

#### **IKT**

Dei prioriterte områda er innføring av nytt telefonsystem, fråversregistrering Gericca, felles oppvekstplattform ÅLA og generell utskifting av utstyr og oppgradering av elektroniske system

#### **Stiftinga Otternes.**

Støtte blir gjeve som tilskot etter søknad.

#### **Arbeidsmiljøutvalet (AMU)**

Det er vidareført med kr 200.000 i velferdstiltak.

**Kyrkjeleg fellesråd**

Kyrkjeleg fellesråd har fått tilført kr 60.000 som følge av auka årlege kostnader i samband med flytting frå rådhuset til banken.

**Konsesjonsavgiftsfondet**

Avsetning til konsesjonsavgiftsfondet med kr 16,3 millionar er ført som kostnad her på ansvar 900. Dette er 15,3 mill i konsesjonsavgift og 1 mill i renter og avdrag på lån gjeve frå fondet. Det vil bli utarbeidd eit eige budsjett for konsesjonsavgiftsfondet på nyåret.

**Andre tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet**

Det er vidareført tilskot til Visit Sognefjord (kr 1.000.000) og Nærøyfjorden Verdsarvpark (kr 300.000). Andre tilskot blir vurdert etter søknader.

**Spiren Barnehage**

Tilskot til Spiren Barnehage er vidareført med kr 3 mill (om lag det same som for 2015).

**Nynorske litteraturdagar**

Det er lagt inn med tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet på kr 400.000.

**Revisjon, kontrollutval, fellesutgifter, hovudtillitsvald, PP – teneste, bedriftshelseteneste**

Er vidareført på om lag same nivå som i 2015

INVESTERINGAR 2016				
Tiltak	Økonomiplan	Framlegg frå rådmann	Framlegg frå form.skapet	Vedtak komm.styret
Opparbeiding Furuly - Lunde	200 000	-	2 000 000	2 000 000
Forprosjekt oppgradering rom Helsetunet		200 000	-	-
Oppgradering brannanlegg Helsetunet (ringesystem)	500 000	500 000	500 000	500 000
Skjerdalsvegen 28	12 000 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000
Ny barnehage	-	300 000	300 000	300 000
Vatn og avløp Flåm skule - Flåm bru	4 000 000	-	-	-
Vangen sentrum	500 000	-	-	-
Symjehall	12 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Turveg Heggviki - Bøen	500 000	500 000	500 000	500 000
Areal Ty	-	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Rassikring Nedre Brekke	2 110 000	2 110 000	4 500 000	4 500 000
Ytstebøen bustadfelt	850 000	850 000	850 000	850 000
Utskifting gateløys	600 000	1 000 000	1 200 000	1 200 000
Garderobeanlegg rutebilstasjon	800 000	800 000	800 000	800 000
Skifte av køyretøy/maskiner	300 000	300 000	300 000	300 000
Tilrettelegging næringsareal	500 000	500 000	500 000	500 000
IKT - investeringar	800 000	800 000	800 000	800 000
Brannsikringstiltak Undredal	600 000	-	-	-
Eigenkapitalinnskot KLP	350 000	350 000	350 000	350 000
Toalettanlegg Brekkefossen		750 000	-	-
Oppgradering av tursti Brekkefossen		1 600 000	1 600 000	1 600 000
Returpkt renovasjon Gudvangen			300 000	300 000
Heving av Flåm kyrkje			4 000 000	4 000 000
Engasjement prosjektleiing investeringar 2016			1 000 000	1 000 000
Vatn og avløp Bakka - Dyrdal			500 000	500 000
<b>Investeringar etter flaumen:</b>				
<b>NB! Oppbygging etter flaumen vil bli fordelt på drift og investering etter forskriftene - i budsjettet er alt ført som investering</b>				
Ny bru Haugen		4 000 000	4 000 000	4 000 000
Ny bru Flåm skule		12 000 000	12 000 000	12 000 000
Vatn og avløp Brekkefossen - Flåm bru		6 000 000	6 000 000	6 000 000
Utbetring kommunale vegar			12 000 000	12 000 000
Utbetringatiltak Flåmsdalen			2 500 000	2 500 000
Utbetringstiltak Nærøyelva			2 000 000	2 000 000
Utbetringstiltak Dyrdal			1 500 000	1 500 000
Utbetringstiltak Styvielvi			500 000	500 000
Returpkt renovasjon Flåm			300 000	300 000
Vatn og avløp Flåmshagane			800 000	800 000
Vatn og avløp Brekkefossen - Brekke - Tjødni			3 000 000	3 000 000
Opprydding			1 000 000	1 000 000
Prosjektleiing			1 500 000	1 500 000
Reetablering av leikeanlegg Flåm skule			500 000	500 000
Reguleringsplanarbeid etter flaumen			200 000	200 000
Vatn og avløp Bakka - Dyrdal			250 000	250 000
<b>Vidareføring frå 2015</b>				
Gateadresser		100 000	100 000	100 000
Branntiltak Flåm barnehage		400 000	400 000	400 000
Oppgradering heradshuset		2 500 000	2 500 000	2 500 000
Tilrettelegging bustadfelt Fretheimshaugane		300 000		
Oppgradering nærmiljøanlegg		250 000		
Skredsikring Otnes bustadfelt		-	1 600 000	1 600 000
Vegutviding Onstad			500 000	500 000
Vatn og avløp Gudvangen sentrum			1 500 000	1 200 000
Høgdebasseng Klokkargarden			700 000	700 000
Gateløys bru til bru i Gudvangen				300 000
Sum tiltak:	<b>36 610 000</b>	<b>49 110 000</b>	<b>88 350 000</b>	<b>88 350 000</b>

FINANSIERING:		Framlegg	Framlegg
Tiltak	Økonomiplan	frå rådmann	frå form.skapet
Mva refusjon	-6 982 000	-8 552 000	-9 662 500
Sal av bygg	-1 000 000		-
Tilskot Skjerdalsvegen 28	-3 600 000	-3 600 000	-3 600 000
Bruk av lån	-9 500 000	-6 500 000	-10 947 500
Tilskot spelemidlar symjehall	-3 500 000	-3 500 000	-3 500 000
Tilskot banebelysning	-588 000	-600 000	-600 000
Tilbakebetaling lån Fylket (Bjørgavegen)	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Bruk av konsesjonsavgiftsfondet	-8 280 000	-4 548 000	-7 780 000
Bruk av skjønsmidlar		-20 800 000	-48 050 000
Overført frå drift	-160 000	-160 000	-160 000
Tilskot spelemidlar tursti/toalettanlegg		-1 050 000	-1 050 000
Sum finansiering	<b>-36 610 000</b>	<b>-52 310 000</b>	<b>-88 350 000</b>

### Kommentarar investeringsbudsjett 2016

Framlegg til Investeringsbudsjett for 2016 er ført opp med 88.350.000 mill kr. I denne summen ligg investeringar i samband med flaumen på kr 48.050.000 (ein del av dette blir overført til drift), overførte investeringar frå 2015 på kr 7.300.000 samt nye investeringar på kr 33.000.000

### Forprosjekt oppgradering av 5 rom Aurland Helsetun.

Posten skal nyttast til revidering av tidlegare forprosjekt for rehabilitering av eksisterande rom ved Aurland Helsetun som har felles bad. I tillegg skal det utarbeidast ein samla plan for areal som Helsetun rår over.

### Oppgradering av alarmanlegg Helsetunet

Posten skal nyttast til oppgradering av ringeanlegg og eksisterande brannalarmanlegg for å ivareta tryggleiken til brukarane og tilsette ved Aurland Helsetun.

### Skjerdalsvegen 28

Posten skal nyttast til slutføring av reguleringsplanarbeid i tilknytning til prosjektet, samt oppstart av byggearbeid hausten 2016. Skjerdalvegen 28 er eit nybygg på tomte for den gamle prestebustaden og skal innehalde:

- Fellesareal for ulike brukargrupper. (1.etg)
- Personalareal for drifta av Vetleli og Vårdraum, (2 etg)
- Ei avlastingsleiligheit for medleverturnus (3 etg)

### Ny barnehage

Posten skal nyttast til reguleringsplanarbeid i samband med lokalisering av ny barnehage.

## **Symjehall**

Posten skal nyttast til revisjon av forprosjekt og rehabilitering av symjehall og nytt garderobeanlegg plassert mellom AIS og Aurlandshallen. Forprosjekt vil avklare om det skal byggast nytt terapibasseng.

## **Turveg Heggviki Bøen**

Posten skal nyttast til slutføring av reguleringsplanarbeid/detaljplanarbeid i 2016

## **Rassikring Nedre Brekke**

Posten skal nyttast til gjennomføring av rassikring av eksisterande busetnad og ei bustadtomt. Område er bratt og det vert henta inn anbod på to løysingar for sikring.

Alt A. Sikringsvoll med bruk av naturstein

Alt B Sikringsvoll med bruk av stålsput

## **Ytstebøen bustadfelt**

Posten skal nyttast til gjennomføring av sikringstiltak som følgje av kommunal overtaking av bustadfeltet. I 2016 er det prioritert å sikre støttemurar.

## **Opparbeiding Ty**

Posten skal nyttast til slutføring av reguleringsplan etter ny utlegging av plan, prosjektering av infrastruktur og oppstart av opparbeiding hausten 2016. I samband med dette må det avklarast korleis opparbeidinga skal organiserast.

## **Utskifting gatelys**

Posten skal nyttast til utskifting av gatelys med overgang til LED teknologi. Tiltaket er gjennomføring av rammeavtale over 4 år. I 2016 skal det bytast ut armatur som det ikkje lenger er mogleg å skaffe reservedelar til.

## **Garderobeanlegg Rutebilstasjon**

Posten skal nyttast til oppgradering av garderobeanlegg for egne tilsette, slik at krav frå Arbeidstilsynet vert imøtekome.

### **Skifte av køyretøy/maskiner**

Posten skal nyttast til kjøp av ein stk. varebil innan vatn og avløp etter utløp av leasingavtale.

### **Tilrettelegging næringsareal**

Posten skal nyttast til tilrettelegging av nye næringsareal som er innarbeidd i gjeldande arealplan

### **IKT Investeringar**

Posten skal nyttast til oppgradring av ulike program, som t.d. Ny ESX server for Infodoc og Gerica, utskifting av arbeidsstasjonar og nettverktstyr,etablering av FEIDE, moduler i Visma, Office-lisensar og skanning i tilknyting til Gerica.

### **Eigekapitalinnskot KLP**

Innskotet blir bestemt av eigarane (kommunane) på generalforsamlinga.

### **Toalett Brekkefossen**

Posten skal nyttast til etablering av eit toalettanlegg i tilknyting til tursti til Brekkefossen. Anlegget vert kopla til kommunalt VA nett som er under opparbeiding.

### **Oppgradering av tursti Brekkefossen**

Posten skal nyttast til utbetring av sti i nedre del, samt steinsetting av bratte partier, for å unngå slitasje i landskapet. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom grunneigarar, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Nærøyfjorden verneområdestyre og Aurland kommune.

### **Heving av Flåm kyrkje**

Posten skal nyttast til heving av Flåm kyrkje med 35 cm. Arbeidet omfattar heving av kyrkja, etablering av ny natursteinsgrunnmur, demontering/remontering av inventar og målingsarbeid.

### **Ny bru Haugen**

Posten skal nyttast til bygging av ny bru ved Haugen. Plassering og utforming av bru vert bestemt i reguleringsplan for området

### **Ny bru Flåm skule**

Posten skal nyttast til bygging av ny bru ved Flåm skule. Plassering og utforming av bru vert bestemt i reguleringsplan for området

### **Vatn og avløp Brekkefossen - Flåm bru**

Posten skal nyttast til slutføring av pågåande anleggsarbeid som tok til hausten 2015. I 2016 er det strekninga Flåm skule – Flåm bru som skal opparbeidast.

### **Gateadresser**



Posten skal nyttast til etablering av gateadresser (skilting, husnr), etter kvart som det vert tildelt nye gateadresser innan Aurland kommune.

### **Branntiltak Flåm barnehage**

Sikringstiltak mot brann

### **Oppgradering Heradshuset**

Posten skal nyttast til oppgradering av tekniske anlegg i huset, som t.d. ventilasjonsanlegg, el og teleanlegg.

### **Tilrettelegging Fretheimshaugane**

Posten skal nyttast til slutføring av reguleringsplanarbeid og grunnundersøkelser i samband med utvidng av bustadfeltet.

### **Oppgradering Nærmiljøanlegg**

Posten skal nyttast til kommunal eigenandel i ulike nærmiljøanlegg som er under planlegging, samt utbetring av ulike leikeanlegg som Aurland kommune har ansvar for.

### **VA Flåmshagane**

Posten skal nyttast til opparbeiding av VA anlegg for bebyggelse i området rundt Flåm kyrkje og Flåmshagane. Anlegget inneheld VA struktur og felles slamavskiljar med lokalt infiltrasjonsanlegg nedstrøms busetnad i Flåmshagane. Anlegget er ein føresetnad for å gje byggeløyve for bustader som skal gjenoppbyggast.

### **Kommentarar til finansiering av investeringar:**

#### **Mva. refusjon**

Alle investeringar er inklusive mva. Vi får igjen mva som blir direkte ført i investeringsrekneskapan og blir dermed brukt som finansiering.

#### **Tilskot Skjerdalsvegen 28**

Husbankordning

#### **Bruk av lån**

Lagt inn med 6,5 mill – avdrag på lån er budsjettert med 5 mill i 2016 slik at lånegjelda vil auke med 1,5 mill i 2016 ut frå budsjettala.

#### **Tilskot spelemidlar symjehall**

Er lagt inn i 2016 sjølv om tilskotet vil kome seinare, men reknar det som sikkert at vi vil få tilskot.

#### **Tilskot banebelysning**

Spelemidlar

**Tilbakebetaling lån Fylket (Bjørgavegen)**

Pengar som kommunen har lånt til Fylket som vil bli tilbakebetalt i 2016.

**Bruk av konsesjonsavgiftsfondet**

Blir brukt til infrastruktur som har med næring å gjere.

**Bruk av skjønsmidler**

Dette er midlar frå Staten i samband med oppattbyggjing etter flaumen. Mva er trekt frå i tilskotet i og med at det allereie er brukt som finansiering.

**Overført frå drift**

Driftsoverskot brukt til investering

**Tilskot tursti/toalettanlegg**

Spelemidler

	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016
<b>Budsjettskjema 1A - drift</b>			
Skatt på inntekt og formue	71 150 718	70 000 000	74 400 000
Ordinært rammetilskudd	47 743 250	39 900 000	39 300 000
Eigedomsskatt	55 842 424	55 300 000	54 600 000
Andre direkte eller indirekte skatter	15 383 219	15 300 000	15 300 000
Andre generelle statstilskudd	982 216	1 800 000	1 200 000
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>191 101 827</b>	<b>182 300 000</b>	<b>184 800 000</b>
Renteinntekter og utbytte	2 944 933	6 000 000	5 400 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)			
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	3 225 634	3 000 000	3 000 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)			
Netto avdragsutgifter	7 519 896	5 000 000	4 000 000
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-7 800 597</b>	<b>-2 000 000</b>	<b>-1 600 000</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk			
Til ubundne avsetninger	329 964	10 433 000	3 395 000
Til bundne avsetninger	32 102 715	18 300 000	1 000 000
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	866 964		
Bruk av ubundne avsetninger	4 510 703	4 000 000	1 000 000
Bruk av bundne avsetninger	12 690 602		
<b>Netto avsetninger</b>	<b>15 231 374</b>	<b>24 733 000</b>	<b>3 395 000</b>
Overført til investeringsbudsjettet	630 000	1 650 000	160 000
Til fordeling drift	168 306 820	153 917 000	179 645 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	167 082 116	153 917 000	179 645 000
<b>Mindreforbruk</b>	<b>1 224 704</b>	-	-

	Budsjettskjema 1 B	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
		2014	2015	2016
100	POLITISKE ORGAN	2 875 822	3 283 000	3 036 000
110	RÅDMANNSFUNKSJON	14 336 518	9 884 000	10 984 000
120	KULTUR	-	5 337 000	5 630 000
210	ABV	19 280 710	19 713 000	19 483 000
220	BARNEHAGAR	9 132 172	8 494 000	8 864 000
230	FLÅM SKULE	6 405 536	6 693 000	6 593 000
300	HELSE OG FØREBYGGJING	7 108 636	8 773 000	8 860 000
301	NAV AURLAND (kommune)	7 086 246	7 961 000	7 611 000
302	BARNEVERN	4 611 276	3 852 000	3 052 000
310	PLEIE OG OMSORG	54 856 653	51 828 000	53 498 000
500	KOMMUNAL DRIFTSEINING	26 611 069	24 264 000	25 310 000
900	NØYTRALE INNTEKTER/UTGIFTER	10 067 558	10 435 000	27 724 000
	<b>SUM TENESTEININGANE</b>	<b>162 372 196</b>	<b>160 517 000</b>	<b>180 645 000</b>
910	KONSESJONSKRAFT (kjøp/sal)	-6 156 032	-6 600 000	-4 000 000
	AVSETT TIL LØNSOPPGJER	-	-	3 000 000
810	OVERORDNA INNTEKTER/UTGIFTER	12 090 656		
	<b>TOTALT FORDEL TIL DRIFT</b>	<b>168 306 820</b>	<b>153 917 000</b>	<b>179 645 000</b>

Budsjettskjema 2A - investering	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Investeringer i anleggsmidler	26 617 690,00	39 450 000,00	88 000 000,00
Utlån og forskutteringer	1 414 944,00	-	
Kjøp av aksjar og andeler	561 817,00	350 000,00	350 000,00
Avdrag på lån	297 659,00		
Dekning av tidlegare års underskot		1 553 150,00	
Avsetninger	109 199,00		
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>29 001 309,00</b>	<b>41 353 150,00</b>	<b>88 350 000,00</b>
<b>Finansiert slik:</b>			
Bruk av lånemidler	17 414 944,00	6 650 000,00	10 947 500,00
Inntekter fra salg av anleggsmidler	105 527,00	5 000 000,00	-
Kompensasjon for meirverdiavgift	4 230 831,00	5 870 000,00	9 662 500,00
Tilskudd til investeringer	-		8 750 000,00
Mottekne avdrag på utlån og refusjoner	4 016 858,00	6 740 000,00	3 000 000,00
Andre inntekter			
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>25 768 160,00</b>	<b>24 260 000,00</b>	<b>32 360 000,00</b>
Overført fra driftsbudsjettet	630 000,00	1 650 000,00	160 000,00
Bruk av avsetninger	1 050 000,00	15 443 150,00	55 830 000,00
<b>Sum finansiering</b>	<b>27 448 160,00</b>	<b>41 353 150,00</b>	<b>88 350 000,00</b>
Udekket/udisponert	1 553 149,00	-	-

<b>Budsjettskjema 2 B INVESTERINGAR</b>	
Opparbeiding Furuly - Lunde	2 000 000
Oppgradering brannanlegg Helstunet (ring	500 000
Skjerdalsvegen 28	6 000 000
Ny barnehage	300 000
Symjehall	4 000 000
Turveg Heggviki - Bøen	500 000
Areal Ty	3 000 000
Rassikring Nedre Brekke	4 500 000
Ytstebøen bustadfelt	850 000
Utskifting gatelys	1 200 000
Garderobeanlegg rutebilstasjon	800 000
Skifte av køyretøy/maskiner	300 000
Tilrettelegging næringsareal	500 000
IKT - investeringar	800 000
Eigenkapitalinnskott KLP	350 000
Oppgradering av tursti Brekkefossen	1 600 000
Returpkt renovasjon Gudvangen	300 000
Heving av Flåm kyrkje	4 000 000
Engasjement prosjektleiing investeringar	1 000 000
Vatn og avløp Bakka - Dyrdal	500 000
Ny bru Haugen	4 000 000
Ny bru Flåm skule	12 000 000
Vatn og avløp Brekkefossen - Flåm bru	6 000 000
Utbetring kommunale vegar	12 000 000
Utbetringstiltak Flåmsdalen	2 500 000
Utbetringstiltak Nærøyelva	2 000 000
Utbetringstiltak Dyrdal	1 500 000
Utbetringstiltak Styvielvi	500 000
Returpkt renovasjon Flåm	300 000
Vatn og avløp Flåmshagane	800 000
Vatn og avløp Brekkefossen - Brekke - Tjød	3 000 000
Opprydding	1 000 000
Prosjektleiing	1 500 000
Reetablering av leikeanlegg Flåm skule	500 000
Reguleringsplanarbeid etter flaumen	200 000
Vatn og avløp Bakka - Dyrdal	250 000
Gateadresser	100 000
Branntiltak Flåm barnehage	400 000
Oppgradering heradshuset	2 500 000
Skredsikring Otnes bustadfelt	1 600 000
Vegutviding Onstad	500 000
Vatn og avløp Gudvangen sentrum	1 200 000
Høgdebasseng Klokkargarden	700 000
Gatelys bru til bru i Gudvangen	300 000
Sum tiltak:	<b>88 350 000</b>